



Inge Hermann Rydland
Knapstadveien 18
1823 KNAPSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/345 - 21/15952

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
09.03.2021

Svar på mottatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 173/3 Rydland

Eg viser dine e-postar datert 01.03. og 03.03.2021, som gjeld innsending av tilleggsdokumentasjon og spørsmål om behov for dispensasjon frå arealføremålet LNF for omsøkt tiltak.

Avklaring av tiltaket i forholdet til plangrunnlaget

Vi held fast på vår vurdering av at tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNF. Vi kjenner ikkje til kva andre saker du referer til i denne samanheng, men vår vurdering i di sak er gjort på grunnlag av gjeldande planstatus og den drift som er på garden, og er i tråd med kommunen sin praksis.

Du skriv at kommunen har gitt ulik tilbakemelding på om tiltaket krev dispensasjon i byggesaksvakta og ved behandling av mottatt søknad. Årsaka til dette er at svar på førespurnadar i byggesaksvakta er meir overordna og generelle og ofte er gitt på eit tynnare informasjonsgrunnlag enn tilbakemeldingar som vert gitt etter ein konkret vurdering av ein søknad om etablering av nye tiltak. Dette kan i enkelte tilfelle medføra avvik i tilbakemeldingane.

Nabovarsel

Vi kan ikkje sjå at Vestland fylkeskommune er nabovarsla. Du må senda inn dokumentasjon som viser at dei er varsla. Vi gjer merksam på at fylkeskommunen må nabovarslast sjølv om du må søkja om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesvegen.

Du har sendt inn dokumentasjon som viser at eigar av gbnr 173/5 er varsla per e-post, men det går ikkje fram av varselet kva dokumentasjon nabo har fått tilsend. Dette må du gjera greie for.

Vi gjer elles merksam på at dokumentasjon på gjennomført nabovarsling først skal sendast til kommunen når nabo sin frist for å koma med merknader er ute. Du treng ikkje venta med innsending dersom nabo har gitt samtykke. Vi ber om at du gjer greie for om du har mottatt nabomerknadar når nabofristen er utløpt.

Storleik på bygget

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt opplysningar om samla bruksareal for bygget. Dette må sendast inn.

Vi viser elles til vårt skriv om behov for tilleggsdokumentasjon datert 17.02.21, og frist for supplering av søknaden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inge Hermann Rydland

Knapstadveien 18

1823

KNAPSTAD